

## Kan Festidalen kopiera Malakoff?

26.07.2009

Denne helga er ein rockefestival avvikla i typisk landleg miljø på Vestlandet - Malakoff i Nordfjordeid. Det vart sett ein formidabel ny besøksrekord med 5000 tilhøyrarar fredag kveld og 7.000 laurdag.

Neste helg skal ein liknende festival - også den i landleg miljø - avviklast på Vestlandet. Det er Festidalen i Uskedalen. Leiinga for vår festival trekk gjerne samanlikningar med Malakoff og det store spørsmålet er no: Kan Festidalen bli ein like stor suksess?

Programmet for Malakoff femna svært vidt - frå Soundtrack Of Our Lives og Kaizers Orchestra fredag til Ulf Lundell, Motorpsycho og Turboneger dagen etter.

Men det var også plass for lokale og mindre kjente norske band.

450 frivillige som er 10 prosent av innbyggjarane på staden, var i aksjon under festivalen. Alt overskotet blir pløyd attende til organisasjonane som er med.

- Dette er heile bygda sin festival. Vi satsar på kvalitet og trivelegheit og ser at det gjev resultat, seier festivalsjef Arnt Ivar Naustdal.

Til festivalcampen i Nordfjordeid kom det 3000 gjester og det var ti gonger så mange som i fjor.

Media er imponert over Malakoff. Journalistane merka seg mellom anna at det ikkje var ølkøar eller toalettkøar, at alt boss vart plukka opp etter få minuttar og at det knapt var nokre ordensproblem.

Her ligg også ei utfordring til Festidalen!

Av Ola Matti Mathisen